



Larsen og Solheim AS  
Øvre Kråkenes 17  
5152 BØNES

Referanser:  
Dykkar: Leiv Solheim  
Vår: 18/1871 - 18/21917

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
03.07.2018

## Svar på søknad om tilbakeføring av bygg til opprinneleg bruk som hotell - gbnr 99/31 Våge

Viser til ditt brev datert 14.06.2018, mottatt her 18.06.2018, vedkomande søknad om tilbakeføring av bygg som vart godkjent bruksendra til asylmottak tilbake til hotell.

Bygningen vart søkt og godkjent bruksendra til asylmottak i rammeløyve datert 03.12.2015 og løyve til igangsetting i vedtak datert 08.02. 2016 i sak 15/3781. I samband med søknad om bruksendring vart bygget oppgradert både med tilkopling til kommunalt vatn, oppgradert privat avløpsanlegg, brannkrava i TEK 10 vart stetta og det vart innstallert sprinkleranlegg.

På bakgrunn av at bygget allereie er godkjent bruksendra til asylmottak og skal tilfredsstillе krava i TEK10, finn ikkje Lindås kommune at søknad om bruksendring tilbake til hotell krev søknad. Vurderinga er gjort på vilkår av at det ligg føre nødvendige løyver frå andre mynde og at det ikkje er foretatt søknadspliktige endringar i bygget. Dei sist godkjente teikningane som Lindås kommune har handsama er lagt ved.

Vi gjer merksam på at denne vurderinga kun gjeld for bygningen på gbnr 99/31, bygningsnr. 9867422. Mellombels brakkebygg som er plassert på gbnr 99/27 er ikkje godkjent til hotелldrift og har heller ikkje godkjent bruksløyve. Dette bygget er forutsatt fjerna når asylmottaket ikkje lenger er i drift.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Teikningar med forklaringar



**Kopi til:**

Aizoon AS

Troidhaugvegen 5232  
53

PARADIS

**Mottakarar:**

Larsen og Solheim AS

Øvre Kråkenes 17 5152

BØNES